



FYLKESMANNEN  
I MØRE OG ROMSDAL

Sande kommune  
ved rådmann Asle Giske  
Rådhuset  
6084 LARSNES

# ENDELEG TILSYNSRAPPORT

## Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

Sande kommune – Gursken oppvekstsenter

Molde 05.07.2016

Sak: 2016/883

## Innhald

Innhald .....	2
Samandrag .....	3
1. Innleiing .....	3
2. Om tilsynet med Sande kommune – Gursken oppvekstsenter.....	3
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar .....	3
2.2 Tema for tilsyn .....	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
3. Skolens arbeid med opplæringa i fag.....	4
3.1 Rettslege krav .....	4
3.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	6
3.3 Fylkesmannens vurderingar.....	7
3.4 Fylkesmannens konklusjon.....	8
4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte .....	8
4.1 Rettslege krav .....	8
4.2 Fylkesmannens undersøkingar .....	10
4.3 Fylkesmannens vurderingar.....	10
4.4 Fylkesmannens konklusjon.....	11
5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning.....	12
5.1 Rettslege krav .....	12
<b>5.4 Fylkesmannens konklusjon.....</b>	<b>15</b>
<b>6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring .....</b>	<b>15</b>
<b>6.1 Rettslege krav .....</b>	<b>15</b>
<b>6.2 Fylkesmannens undersøkingar .....</b>	<b>15</b>
<b>6.3 Fylkesmannens vurderingar .....</b>	<b>16</b>
<b>6.4 Fylkesmannens konklusjon.....</b>	<b>17</b>
7. Frist for retting av brot på regelverket .....	17
Skolens arbeid med opplæring i fag .....	17
Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte.....	18
8. Kommunen sin frist til å rette.....	18
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget.....	19

## **Samandrag**

Tema for tilsynet er skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova kapittel 1,2 og 5 og forskrift til opplæringslova kapittel 1 og 3. Tema for tilsynet er retta mot kjerneområdet til skulen: arbeidet med elevane si utbytte av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er å bidra til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa.

Tilsyn med Sande kommune blei opna gjennom brev 09.02.2016. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er basert på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju.

Fylkesmannen har konkludert med at Sande kommune v/Gursken oppvekstsenter på mange av kontrollområda oppfyller lovkrava.

På dei fleste områda som har vore gjenstand for tilsyn har skulen ein praksis som ligg innanfor rammene av regelverket. Fylkesmannen har likevel funne nokre manglar i rektor si sikring av lokalt læreplanarbeid, samordning av individuelle opplæringsplanar (IOP) med ordinær opplæring og i skulen sitt arbeid med undervegsvurdering i fag.

## **1. Innleiing**

Fylkesmannen opna 09.02.2016 tilsyn med skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa i Sande kommune. Undersøkingane har vore på skulenivå ved Gursken oppvekstsenter.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa (som denne rapporten handlar om), forvaltningskompetanse og skolebasert vurdering. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell<sup>1</sup> knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne førebelse tilsynsrapporten.

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av brot på regelverket som er avdekte under tilsynet. Fristen er 14.10.2016. Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

## **2. Om tilsynet med Sande kommune – Gursken oppvekstsenter**

### **2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar**

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med offentlege skolar er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

---

<sup>1</sup> <http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/>

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som brot på regelverket, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

## **2.2 Tema for tilsyn**

Temaet for tilsynet er retta mot kjerneverksemda ved skolen: skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa.

Hovudpunkt i tilsynet vil vere:

- Skolens arbeid med opplæringa i fag
- Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

Vurdering av behov for særskild språkopplæring Tilsynet skal medverke til at kommunen som skoleeigar syter for at elevane:

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke utbyttet av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva for utbytte dei har av opplæringa
- blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Manglande etterleving av regelverket kan føre til at elevane ikkje får realisert sine moglegheiter eller får lite utbytte av opplæringa.

## **2.3 Om gjennomføringa av tilsynet**

Tilsyn med Sande kommune vart opna gjennom brev 09.02.2016. Fylkesmannen har kravd at kommunen legg fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju, sjå vedlegg.

## **3. Skolens arbeid med opplæringa i fag**

### **3.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skolens arbeid med opplæringa i fag. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget*

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. Det vil seie at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og medverkar til at dei blir nådde. Rektor må organisere skolen slik at dette blir sikra, jf. opplæringslova § 2-3.

*Rektor skal sikre at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæring og kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse*

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og medverke til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga, og at dei er grunnlaget for vurderinga av eleven sin kompetanse. Dei skal òg kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer ein prestasjon. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane. Kravet til at dette skal vere kjent, inneber noko meir enn at informasjonen er tilgjengeleg for elevane. Rektor må organisere skolen for å sikre at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

*Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.*

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova [§ 2-3 eller § 3-4] og forskrift til opplæringslova [§ 1-1 eller § 1-3]. For dei fleste fag i grunnskolen og for nokre fag i vidaregåande skole er kompetansemåla førte opp per hovudtrinn eller etter fleire års opplæring. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget / på hovudtrinnet gjennom opplæringsløpet. Opplæringslova § 5-5 heimlar at ein elev som får spesialundervisning, kan ha unnatak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal da gå fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). I slike tilfelle må skolen sikre at opplæringa for eleven dekkjer dei individuelle måla.

*Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.*

Skolen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må gå fram av IOP-en kva for tidsintervall han gjeld for.

*Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.*

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa vik av frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skolen/kommunen gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gje tilråding om innhaldet i opplæringa, mellom anna realistiske opplæringsmål for eleven, og kva for opplæring som gjev eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga, og eventuelle avvik må grunngjevast. Vedtaket om spesialundervisning fastset rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er gjort enkeltvedtaket om spesialundervisning.

*IOP-en må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring vik av frå LK06, og skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa (klassen).*

Reglane om innhald i opplæringa (kompetansemåla i læreplanane) gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skolen skal leggje vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innafor det same totale undervisningstimetallet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova

§ 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avvik frå LK06, eller berre har færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette òg komme klart fram i IOP-en. Det må òg komme klart fram i kva for fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring (i klassen). Skolen må ha ein framgangsmåte som opplyser om korleis ein skal sjå spesialundervisninga og den ordinære opplæringa i samanheng / arbeide saman i slike tilfelle. Framgangsmåten må vere kjent og innarbeidd av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

### **3.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Skulen har praksis for å lage årsplanar for faga. Det er sett av tid på planleggingsdagar og anna fellestid for å utforme desse planane. Døme på årsplanar for dei utvalde faga for tilsynet, norsk (8. årssteg), matematikk (10. årssteg) og kroppsøving (9. årssteg), er del av dokumentgrunnlaget for tilsynet.

Årsplanen i matematikk er sett opp i tabellform med ei kolonne som henviser til læreverket og vidare kolloneoverskriftene: *tid, kompetansemål frå LK 06, læringsmål og vurdering*.

Årsplanen i norsk har kopiert inn kompetansemåla og annan tekst frå LK 06, og har deretter tabell med kolonnene: *tid/ veke, læringsmål, innhald, arbeidsmåtar og vurdering*.

Årsplanen i kroppsøving er også sett opp i tabellform, og her med kolonnene: *månad, tid, tema, læringsmål, arbeidsmåtar og vurdering*.

Det kjem fram m.a. frå intervjua at det er opna opp for noko ulik utforming av årsplanane, men at dei skal vere verktøy for å operasjonalisere eller konkretisere kompetansemåla i sentral læreplan.

Fylkesmannen har også fått døme på vekeplanar. Desse er utforma etter ein felles mal, og inneheld informasjon om timeplanen og aktivitetar som skal skje i aktuell periode. Vidare er det oppført lekser for veka. Til slutt inneheld dei eit oppsett med læringsmål for dei ulike faga i perioden. Det blir opplyst i intervjua at det er praksis for at det for elevar med IOP blir gjort tilpassingar av innhaldet i vekeplanen ved at spesialundervisningslærer eller kontaktlærer fører på endringar i planen. For nokre elevar med større avvik frå klassen sin plan blir det utarbeidd egne vekeplanar.

Det kjem fram av intervjua at skulen har arbeidd med å få på plass ein nokolunde lik praksis/ standard for starten og slutten på ein undervisningstime. Korleis dette skal gjerast er skriftleggjort i «*Den gode start og avslutning på undervisningstimen*». Her står det mellom anna at læraren skal gå igjennom læringsmåla for undervisninga i byrjinga av timen. Det kjem fram av intervjua at dette oppsettet ligg på katetera og at det i stor grad blir brukt.

Det er utarbeidd vurderingskriterium for faga. For faga som blir undersøkt i tilsynet, har vi fått døme på slike. Desse varierer noko i utforming, men inneheld alle beskrivingar av kva som kjenneteiknar ulike grader av måloppnåing.

Fylkesmannen har fått innsikt i IOP-ar for 5 elevar. IOP-ane er bygd opp rundt same mal med hovudoverskrifter for fag/ emne/ område. Under desse hovudoverskriftene finn ein informasjon om innhaldet i opplæringa innanfor aktuelt område som eksempelvis kan vere *sosial meistring* eller *fag*. Denne informasjonen er strukturert i tabellform med kolonneneoverskriftene: *delemne, mål, tiltak/ metode/ læremiddel og evaluering*.

Det finst eit par IOP-ar der det er utarbeidd tilpassa kompetansemål for eit fag, med utgangspunkt i kompetansemåla i LK06. Dette finn ein ikkje att i dei andre IOP-ane.

Det er ikkje opplyst spesifikt i IOP-ane korleis desse er samordna med måla i ordinær læreplan anna enn formuleringar av typen «*følgje klassen sine tema med tilpassingar*».

Vi spurde under intervju, om kva for mål som gjeld for elevar med IOP - når er det måla i IOP som gjeld og når gjeld mål frå LK 06? På dett blir det svart at det i slike tilfelle er måla i IOP som gjeld.

Når det gjeld vedtaka sine formuleringar om mulege avvik frå mål i LK06, finn ein typisk slike formuleringar:

*« ...Kunnskapsløftet sine målsetjingar kan følgjast med fag- og timefordeling så langt det er rimeleg og meningsfylt. Eleven sine utfordringar er av slik karakter at kompetansemåla må justerast. Det vil innebere at for faga.... og .... må det vere omformulerte kompetansemål. I dei andre faga må kompetansemåla reduserast. ...»*

Dette er følgt opp med meir spesifikk informasjon om eventuelle avvik frå LK06 i basisfaga. For dei andre teorifaga (munnlege fag) er det i vedtaka meir generelt opna opp for reduksjon eller justeringar av sentrale kompetansemål.

Det kjem fram at samordninga mellom spesialundervisninga og den ordinære opplæringa skjer ved eit løpande samarbeid mellom lærarane. Den faste ordninga med klasseteam er også nemnt som ein arena for slikt samarbeid. Det blir gitt noko ulike svar på korleis slik samordning skjer.

### **3.3 Fylkesmannens vurderingar**

Fylkesmannen meiner dei føringane som er lagt om utarbeiding av årsplanar med tydeleg kobling til LK06 og det at det er sett av tid til utarbeiding og revidering, er sett fristar, og at planane blir gjort tilgjengeleg på fellesområdet, inneber ei sikring frå rektor si side som sannsynleggjer at undervisningspersonalet knyter opplæringa til sentral læreplan. Det kjem fram at læreverka i mange fag også er styrande for innhaldet i opplæringa, men det blir gitt uttrykk for at undervisningspersonalet er bevisst på at det er sentral læreplan som gjeld og at det er innhaldet i denne som skal ligge til grunn for opplæringa som blir gitt.

Det kjem også fram at ein ved skulen ei stund har arbeidd med korleis ein kan formidle læringsmål til elevane, og det synest å vere ein gjennomgåande praksis for å gjere dette. Utarbeidde vurderingskriterium, og det som kjem fram av eigenvurderingane og i intervju, tyder på at rektor har lagt føringar for at det skal formidlast til elevane kva som blir vektlagt i elevvurderinga. Fylkesmannen har, ut frå intervju, eit klart inntrykk av at rutine skulen har på dette området blir følgt opp av rektor i ulike samanhengar.

Når det gjeld spørsmålet om det vert sikra at alle kompetansemåla blir dekt opp i løpet av treårsperioden, seier rektor i eigenvurderinga at sikringa består i praksisen med å lage årsplanar, legge føringar for at desse skal dekkje alle kompetansemåla og at skuleleiinga sjekkar innhaldet i desse. Gjennom intervju med lærarar kjem det fram at det er fokus på at alle kompetansemål skal dekkjast opp, og det er nemnt måtar dette blir gjort på. Likevel blir det av enkelte gitt uttrykk for usikkerheit om korleis dette alltid vert sikra, t.d. ved skifte av faglærarar i løpet av ungdomsskuletida.

Kroppsvingsplanane inneheld ikkje same tydelege kobling til kompetansemåla i LK 06 som dei andre fagplanane, men i intervju blir det sagt at det som blir sett opp også i desse planane, er med utgangspunkt i sentral læreplan. Fylkesmannen finn at rektor legg

visse føringar for at alle kompetansemåla blir lagt til grunn for opplæringa i løpet av ungdomsskuletida i den ordinære opplæringa. Oppfølginga av desse føringane kjem derimot for utydeleg fram til at Fylkesmannen vurderer sikringa som god nok, særleg i tilfelle der det er skifte av faglærar i løpet av ungdomsskuletida.

For elevar med IOP vert det som nemnt sagt at det er måla i IOP-en som gjeld. Etter gjennomgang av innsende IOP-ar kan dette synast forsvarleg for nokre av sakene, men ikkje for alle. Vi finn døme på IOP-ar som er for ufullstendige til at desse kan erstatte den sentrale læreplanen. For elevar med IOP finn Fylkesmannen såleis at det ikkje er godt nok sikra at alle kompetansemåla som gjeld for eleven blir følgt opp. Dette fordi det for nokre elevar vil vere for uklart når det er sentrale mål som gjeld og når det er måla i IOP.

Praksisen det blir gjort greie for når det gjeld samordning mellom spesialundervisning og ordinær opplæring for elevar med spesialundervisning i delar av opplæringstilbodet, er for tilfeldig og for avhengig av kor viktig enkeltlærarar eller samarbeidande lærarar vurderer behovet for samordning til at kravet i tilsynet er oppfylt. Som nemnt under *Rettslege krav*, krev ein at skolen må ha ein framgangsmåte som opplyser om korleis ein skal sjå spesialundervisninga og den ordinære opplæringa i samheng / arbeide saman i slike tilfelle. Framgangsmåten må vere kjent og innarbeidd av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

Fylkesmannen finn at innhaldet i IOP-en i tilstrekkeleg grad samsvarar med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjer eventuelle avvik frå LK06.

### **3.4 Fylkesmannens konklusjon**

Krava om at rektor skal sikre at opplæringa følgjer LK06, at undervisningspersonalet informerer om måla for opplæringa og kva som bli vektlagt i vurderingane er vurdert som oppfylt. Likeså kravet om at det årleg blir utarbeidd IOP for elevar med vedtak om spesialundervisning og at IOP samsvarar med vedtaket når det gjeld innhald.

Krava om at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP, er ikkje vurdert som tilstrekkeleg sikra. Heller ikkje kravet om ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med den ordinære opplæringa sine planar.

## **4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte**

### **4.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skolens arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Elevane skal få rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.*

Elevane skal bli kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld òg for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal bli i stand til å forstå kva dei skal lære, og kva som er formålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

*Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.*

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at det ikkje held at informasjonen ligg på Internett, eller at ein kan få informasjonen ved å spørje læraren. Lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane.

*Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse.*

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gje god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere ein reiskap i læreprosessen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2.

Undervegsvurdering skal medverke til at eleven aukar sin kompetanse i fag, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal elevane få løpande og systematisk, ho kan både vere skriftleg og munnleg, skal innehalde grunngeven informasjon om kompetansen til eleven og skal gjevast med sikte på fagleg utvikling.

*Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.*

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må syte for at elevane blir involverte i dette. Eleven si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

*Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gjev informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.*

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje eleven sin kompetanse knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurdering skal òg gje rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårsvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa og gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Det er ikkje sett krav til kva form vurderinga skal ha. Vurderinga kan derfor vere både skriftleg og munnleg. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande opplæring skal vurderinga gjennomførast midt i opplæringsperioden. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande skole skal elevane få vurdering utan karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Frå 8. årstrinn og i vidaregåande skole skal elevane i tillegg ha halvårsvurdering med karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Skolen må gjennomføre halvårsvurderinga utan karakter på riktige tidspunkt og ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at vurderinga til lærarane har eit innhald i samsvar med forskrifta.

*Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.*

For elevar med spesialundervisning skal skolen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal mellom anna gje vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at elevane får årsrapportar på riktige tidspunkt og at årsrapportar har eit innhald i samsvar med forskrifta.

## **4.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Ein del av det som blir kontrollert i dette kapittelet er knytt til noko som også var tema i forrige kapittel. Forskjellen er at ein der kontrollerte om rektor hadde ein praksis som var eigna til å sikre at undervisningspersonalet følgjer regelverket, mens det her er lærarane sin faktiske praktisering av undervegsvurdering som blir undersøkt.

Dokumentasjonen vi byggjer vurderingane våre på består av innsende dokument, utgreiing frå lærarar og skuleleiinga i egenvurderingsskjema og informasjon fra intervju, både med elevar, lærarar og skuleleiinga. I tillegg har skulen gjennomført spørjeundersøking blant elevane der elevar frå utvalde klassar og utvalde fag har svart på spørsmål relevant for tilsynstemaet.

Vesentlege dokument som underbyggjer skulen sin praksis med undervegsvurdering etter forskrifta kap. 3 blir omtala kort i det følgjande:

Skolen har eit skriv «Samtalemøte - vurdering» som framstår som ei rutine med ansvarsfordeling, innhald og gjennomføring av vurderingssamtalar med elevar og foreldre. Det er også oversendt ein mal for «utviklingssamtalen» som er ein del av undervegsvurderinga ved skulen. Malen legg opp til at det skal informerast om og samtalast om framdrift og utvikling for eleven i forhold til kompetansemåla i faga og bakgrunn i høve kartleggingar og prøvar. Det blir også informert om orden, åtferd og trivsel. Den legg også opp til at det i samarbeid mellom elev, føresette og lærar skal setjast to utviklingsmål fram mot neste «samtalemøte».

Det er lagt ved fleire døme på hjelpemiddel som blir brukt i undervegsvurdringa, som målar for ulike tema i matematikk og norsk, og døme på skriftlege tilbakemeldingar til elevane.

Utover dette gir noko av dokumentasjonen som er nemnt i kapittelet over, føringar for korleis det skal arbeidast med undervegsvurdering ved skulen.

Døme på årsrapportar for elevar med IOP viser korleis måloppnåinga for desse blir vurdert.

## **4.3 Fylkesmannens vurderingar**

Ser ein på spørjeundersøkinga blant elevane svarar i gjennomsnitt for dei tre faga, ca. 80% positivt på at læraren forklarar kva som er måla i faget, slik at dei forstår kva dei skal lære. Det er som nevnt faga norsk, matematikk og kroppsøving som er valt ut her, og det er ein variasjon mellom faga frå over 90% til ca 60%. På bakgrunn av dokumentasjon og intevju vurderer Fylkesmannen likevel at det er ein gjennomgåande praksis på området som tilfredsstillar lovkravet.

På liknande måte svarar også mange elevar positivt på spørsmål om dei får rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget, om de får tilbakemeldinger på hva dei meistarar. Her ligger positiv svarprosent rundt 75%, men med noko større variasjon mellom faga. Sett i samanheng med det som blir sagt i intervju og dokumentasjon som td. «*Vurdringskriterier*», finn vi at praksisen gjennomgåande ligg innafor ramma av lovleg praksis.

På spørsmålet om rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetanse sin, ligg positiv svarprosent på litt over 60, men med større variasjon. Nemnde mal for utviklingssamtalen legg opp til at det skal settast mål for elevane, men intervju saml sett, viser ganske store forskjellar frå lærar til lærar på dette området.

På spørsmål om elevane blir involvert i vurderinga av eige læringsarbeid, ligg positive svar i gjennomsnitt på berre litt over 30 %, og med mindre variasjon mellom faga. Altså stor grad av semje om at det er liten praksis for eigenvurdering. I samsvar med erfaringar frå andre skular på det same temaet, får ein lågare score på dette spørsmålet enn dei andre. Det finst døme på praksis med å involvere elevane i vurdering av eige læringsarbeid. Den samla informasjonen om praksisen på dette området gjer at vi ikkje vurderer den som god nok. Ikkje alle lærarane trekkjer elevane aktivt med i eige læringsarbeid.

Fylkesmannen har på bakgrunn av det som kjem fram gjennom intervju, den praksisen det er gjort greie for i eigenvurderingane, og skulen sine malar og retningslinjer for møte og samtalar kvart halvår, vurdert korleis skulen praktiserer halvårsvurdering i forhold til lovkrav i forskriftene til opplæringslova kap. 3. Fylkesmannen meiner på bakgrun av dette at det er sannsynleggjort at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane ved halvårsvurderinga både gir elevane informasjon om deira kompetanse i faga og rettleiing om korleis dei kan auke kompetansen sin.

Det kjem fram at det ikkje er sett spesielle krav til, eller er praksis for at halvårsvurderinga frå og med 8. årstrinn, både med og utan karakter skal skje midt i opplæringsperioden. Det er klarlagt at halvårsvurdering med karakter blir gitt midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret, men at halvårsvurdering utan karakter blir gitt midt i hausthalvåret og midt i vårhalvåret. Fylkesmannen viser til at det er rett at vurdering med karakter skal gis etter at vurdering utan karakter er gitt, men ikkje seinare enn at karakteren speglar den vurderingen som blei gitt i halvårsvurderingen utan karakter. Ved at denne vurderingen gis inntil et par månader i forkant av karakterfastsetting, vil dette ikkje vere tilfelle. I førebels rapport skreiv vi at skulen måtte justere måten dette blir gjort på, anten ved å legge inn eit nytt vurderingstidspunkt tett opp mot den halvårlege karakterfastsettinga, eller flytte tidspunktet i forhold til dagens praksis. I tilbakemeldinga på førebels rapport skriv rektor at dei frå og med våren 2016 vil nytte ei skriftleg halvårsvurdering utan karakter. Det er også sendt inn eit skjema for bruk til denne vurderinga. Ved å ta iverksetje ein slik praksis, vil kravet om at halvårsvurdering utan karakter ligg såpass tett opp tilkaraktersetjinga at vurderingsgrunnlaget er tilnærma det same vere oppfylt.

Når det gjeld kravet om at skulen må ha en innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av elevane si utvikling ut fra målene i IOP-en, ser ein av innsende døme at rapportane byggjer på IOP-en og at det blir føyd til ei ny kolonne for evaluering. Vurderingane handlar oftast om grad av måloppnåing, men i nokre tilfelle er det meir ei beskriving av kva som er gjort eller bør gjerast vidare. Sjølv om det her er eit forbettringspotensiale ved at innhaldet alltid bør vere ei vurdering av elevane si utvikling ut frå måla, vurderer Fylkesmannen også dette kontrollpunktet til å vere innanfor regelverket.

#### **4.4 Fylkesmannens konklusjon**

Fylkesmannen finn ikkje ein gjennomgåande god nok praksis for at undervisningspersonalet undervegs rettleier elevane i kva dei skal gjere for å auke

kompetansen sin i det enkelte faget. Det er heller ikkje ein gjennomgåande praksis for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid slik § 3-12 i forskrift til opplæringslova krev.

For dei andre kontrollpunkta i dette kapittelet har skulen ein praksis innanfor regeleverket.

## **5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning**

### **5.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skolens arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.*

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skolen må ha ein kjent og innarbeidd framgangsmåte slik at lærarane systematisk og løpande vurderer om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

*Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skolen må vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring.*

Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skolen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innafor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skolen må sjå på om tiltak knytte til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan medverke til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for dette må vere kjent og innarbeidd. Dette skal skolen gjere før eleven eventuelt får tilvising til PPT for ei sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

*Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.*

I nokre tilfelle vil skolens vurdering og eventuelle utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innafor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har da krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gje spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekt.

Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skolen må ha ein framgangsmåte som er kjent og innarbeidd blant lærarane slik at dei vurderer og melder behov for spesialundervisning.

### **5.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Fylkesmannens vurderingar byggjer på eigenvurderingane som er lagt inn i Reflex, samt opplasta dokumentasjon. Utover dette har vi i etterkant av tilsynsbesøket fått dokumentert bruken gjennom ettersendte døme på utfylte skjema. Gjennom intervju har vi fått meir informasjon om skulens praksis, korleis den samsvarar med dokumentasjonen og sentralt regelverk.

Eit av dokumenta for skulens praktisering av undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning, har vore skulens «Prosedyrer for å ivareta behova til den einskilde elev i Sande». Denne inneheld ei liste over fastlagde prosedyrar, kven som har ansvaret, merknader om tid og form, kven som har ansvar for desse og tidsfristar. Prosedyren har ein innleiande del som forklarar og utdjupar kva som ligg i prosedyren, samt henvisningar til gjeldande lovverk.

Vi har også fått tilgang til ein pedagogisk rapport, skjema for bruk etter at prosedyre for oppmelding til PPT trer inn. Denne skal ligge ved tilvisningskjema ved henvisning til PPT. Det ligg føre døme på utfylte skjema.

Vi har også fått døme på seriar av sakkyndig vurderingar, enkeltvedtak, individuelle opplæringsplanar (IOP-ar) og årsrapportar for nokre elevar.

Gursken oppveksenter har etablert bruk av klasseteam, eit undervisningsfagleg team som skal setje fokus på kvar einskild elev si faglege og sosiale utvikling, der mellom anna spesialpedagogisk støtte, fleksibel skuleressurs og tilpassa opplæring vert drøfta. I kommunen sin prosedyre, vert det presisert at vegen frå vurdering (*pkt. 3 fleksible ressursar*) til iverksetting av tiltak (*pkt.8*) ikkje bør ta meir enn 14 dagar.

### **5.3 Fylkesmannens vurderingar**

Nemnde prosedyre for å ivareta behova til den einskilde eleven i Sande fastset at lærarar som er usikre på om ein elev får tilfredsstillande utbytte av opplæringa skal prøve ut tiltak innanfor den ordinære opplæringa. Vi viser her til pkt. 5-12 i prosedyren.

Det er her nærare skildra korleis dette kan gjerast og kven som har ansvaret. Det skal vurderast og foreslås tiltak. Utprøving med fleksibel ressurs er nemnt. Slik Fylkesmannen forstår det, ein ressurs som er disponibel på tvers av klassane for kortare kurs for elevar som strevar med innlæringa i enkelte tema, eller generell styrking der det er behov for dette. Pkt.3 i prosedyren legg føringar for at elevane sin ståstad skal vurderast både fagleg og sosialt. Det skal kartleggast, og døme på ulike kartleggingverky ein brukar fast til faste tider og andre ved behov, er lagt ved i dokumentasjonen. Kva for instans som skal teste og kven resultata skal følgjast opp av er og klargjort. Kommunen har utarbeida felles plan for kartlegging og oppfølging, tidleg innsats for å fremme god sosial kompetanse og førebygge åtferdsvanskar. Dette skal vere utgangspunkt for eit felles system for kartleggingspraksis, for å fremje sosial dugleik og forbetre basisferdigheiter. Praksis med bruk av klasseteam, der kvar einskild elev sin faglege og sosiale utvikling får fokus indikerer også eit system for sikring av at elevane sitt læringsutbytte blir «overvaka» på ein systematisk måte.

Gjennom intervju kjem det fram at praksis samsvarar med det som står i den nemnde prosedyren og rutinebeskrivinga for *klasseteam*. Omgrepet *klasseteam* er ikkje brukt i kommunal prosedyre som organiseringsform, derimot står bruk av *spesialpedagogisk team* nemnt. Dette teamet er ikkje i funksjon ved skulen. Det er ikkje opplyst når denne rutinen vart etablert eller om prosedyren er revidert. Kommunen bør sikre at det er samsvar i prosedyrebeskriving og innarbeid framgangsmåte, felles praksis ved skulane.

I rektor si tilbakemelding på førebels rapport viser han til drøftinga vi hadde om dette temaet på sluttmøtet, og vidare til at han meiner den kommunale rutinen for spesialundervisning saman med bruk av *klasseteam* gjer at ein har ein praksis for å vurdere om elevar vil kunne få eit tilfredsstillande utbytte ved å endre rammefaktorane rundt eleven. Han supplerer med å nemne at skulen tek i bruk refleksjonsmodellar i form av LP-modellen til å vurdere ulike oppretthaldande faktorar for den enkelte elev som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Det blir vidare hevda at det når ulike vurderingar, refleksjonar og kartleggingar har vorte gjort, set skulen inn tiltak.

Lærararane skal vurdere arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø for elevar som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa i *klasseteam*. Skolen med leiinga skal vurdere og gjennomføre vidare tiltak innafor ordinære rammer. Vi viser her til rutinebeskriving for *klasseteam*, samt intervju med tilsette ved skulen. Vidare kartlegging og fleksibel skuleressurs er her tiltak som er nemnt i rutinebeskriving for *klasseteam*, i tillegg vidare tiltak innafor tilpassa opplæring.

Det er likevel grunn til å påpeike at innsendt dokumentasjon med døme på utfylte pedagogisk rapportar seier lite om kva skulen har gjort i høve tilrettelegging for eleven jmf. § 5.4 i Opplæringslova. Det vert gjort greie for få eller ingen tiltak i rapporten når det vert spurd om kva skulen kan greie å tilpasse eller legge til rette for eleven fram til han er ferdig utreda.

Det kjem fram av prosedyren at dersom utprøvingane innanfor den ordinære opplæringa ikkje fører fram, skal rektor bli presentert eit grunngitt behov. Prosedyren beskriv at ein så skal be PPT om ei sakkunig tilråding. Prosedyren viser her til gjeldande lover for opplæring. Prosedyren viser stikkordsvis element i prosessen vidare, med involvering av foreldre, innhenting av samtykke og oppmelding til PPT.

Gjennom intervju får ein her inntrykk av at praksis samsvarar godt med rutinebeskrivinga i innsendte dokument. Vi fekk og utdjupa korleis *klasseteamet* blei brukt.

Rutinane legg opp til ein prosess rundt avklaringane om behov for spesialundervisning og utforming av enkeltvedtak. Skulen legg også opp til at ein kan nytte andre særskilte tiltak, før eventuelle vedtak om spesialundervisning. Dette i form av korte tidsavgrensa kurs, fleksible ressursar og andre tiltak. Dette kan tyde på at skulen set i verk tiltak og set i gang prosessar etter at manglande utbytte av opplæringa blir avdekket. Døma på *pedagogisk rapport* derimot seier, som nemnt over, lite konkret om kva tiltak som faktisk er gjennomført/ utprøvd av tiltak innafor ordinær opplæring i prosessen fram mot avklaring av eventuelle behov for spesialundervisning.

Vi har her avgrensa oss til å omtale dei delane av rutinane som er direkte relevante for det som blir undersøkt i dette tilsynet.

## **5.4 Fylkesmannens konklusjon**

Fylkesmannen konkluderer, på bakgrunn av det som kjem fram med at det er sannsynleggjort at Gursken oppvekstsenter oppfyller lovkrava for undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning, slik dei er utleidd for dette tilsynet.

## **6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring**

### **6.1 Rettslege krav**

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skolens arbeid med å vurdere behov for særskild språkopplæring. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk. For elevar med behov for særskild norskopplæring må ein innarbeidd framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.*

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje den ordinære opplæringa på skolen, jf. opplæringslova [§ 2-8 eller § 3-12]. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Kommunen har ansvaret for at kartlegginga av norskferdigheitene til eleven blir gjort før vedtaket om særskild språkopplæring. I dei fleste tilfella er det skolen som gjennomfører kartlegginga. Skolen må òg vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skolen må ha ein kjent og innarbeidd framgangsmåte som sikrar dette.

*Elevar med vedtak om særskild språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.*

Skolen skal òg kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskild språkopplæring, jf. opplæringslova [§ 2-8 eller § 3-12]. Dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa på skolen. Skolen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

### **6.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Fylkesmannens vurderingar byggjer også for temaet særskilt språkopplæring på eigenvurderingane som er lagt inn i Reflex. Det er ikkje lagt ved dokumentasjon ut over eigenvurderingskjemaene i Reflex, men døme på enkeltvedtak frå skuleåret 2015/2016 om særskild språkopplæring vart ettersendt.

Gjennom intervju har vi sjekka ut skulens praksis, og korleis den samsvarar med sentralt regelverk.

Innsendt døme på enkeltvedtak gir rett til særskild språkopplæring, gitt som særskild norskopplæring. Grunnlaget for vedtaket og ressurstildeling er oppgitt å vere eleven sin språkdugleik. Det står ikkje i vedtaket at det er fatta på bakgrunn av at skulen har kartlagt kva dugleik eleven har i norsk.

Det kjem fram av GSI at skulen førre skuleåret hadde 12 elevar som fekk særskilt norskopplæring, fordelt på ulike årsteg.

I skulen si tilbakemelding etter førebels rapport har dei sendt over nye rutinar for arbeidet med minoritetsspråklege elevar ved skulen. Rutinen omtalar m.a. kva som skal gjerast ved oppstart av opplæring, kva kartleggingar som skal gjerast, og tiltak og vedtak som oppfølging av kartleggingane. Det kjem også fram kven som er ansvarleg og tidspunkt for gjennomføring.

### **Merknad**

Kartlegging av norskferdigheiter er pliktig som grunnlag for vedtak som gjeld retten til særskild språkopplæring. Når kartleggingen viser at eleven har tilstrekkelege norskferdigheiter til å følge ordinær opplæring, skal det fattast enkeltvedtak om at eleven ikkje lenger har rett til særskilt språkopplæring. Det skal også komme fram av vedtaket kva læreplan i norsk som skal nyttast for eleven. Dersom kartleggingen konkluderer med at eleven har rett til særskilt språkopplæring, skal det fattes eit enkeltvedtak om kva som vil tilbys. Om ein konkluderer med at eleven ikkje har rett til særskild språkopplæring ut frå kartlegging, skal det også fattast vedtak om dette.

Manglande kartlegging vil innebære ein feil ved saksbehandlinga. Kommunen eller skulen må ha rutinar som sikrar at når ein vurderer om ein elev treng særskilt opplæring i norsk, skal ein også ta stilling til om eleven har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge deler for å kunne følgje opplæringa. Det skal også framgå om det er innvilga eventuelle avvik frå fag- og timefordeling og om eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring i enkelte fag.

### **6.3 Fylkesmannens vurderingar**

Ut frå intervju og døma på enkeltvedtak, kjem det fram at skulen ikkje har ein innarbeidd framgangsmåten for kartlegging av språkferdigheiter før og undervegs i opplæringa då tilsynet vart gjennomført. Skulen hadde heller ikkje ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at det vert vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring. Skulen kartlegg no språkferdigheiter hos elevar i ungdomskulen og hadde som nemnt sett i gong eit arbeid med å få på plass system for dette. Skulen har også tospråklege assistentar, men det har ikkje hatt noko innarbeidd rutine for å sikre at det vert vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Sjølve rutinane for dette er no på plass.

Ved å gjennomføre kartleggingar og vurderingar som den nye rutinen legg opp til, vil ein sannsynlegvis oppfylle kravet om kartlegging før og undervegs i opplæringa.

Dette tilsynet undersøker ikkje forvaltningspraksisen når det gjeld enkeltvedtak. Vi kontrollerer altså ikkje om det blir gjort enkeltvedtak i alle saker der elevar får opplæring etter oppl. § 2-8. Det skal likevel undersøkjast om det i slike saker også blir vurdert behovet for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. I det innsendte enkeltvedtaket er ikkje morsmålsopplæring eller tospråkleg fagopplæring nemnt som eit kartlagt behov eller ikkje. I innsendt dokumentasjon, gjennom eigenvurderingsjemaene og intervju vert det bekrefta at det ikkje er tatt stilling til gjennom kartlegging om elevar

har behov for morsmålsopplæring eller tospråkleg fagopplæring. Det er heller ikkje grunngitt kvifor eit slikt tilbod ikkje blir gitt.

Fylkesmannen vil presisere at det er eit krav at ein skal ta konkret stilling til om desse elevane på individuelt grunnlag også har behov for morsmålopplæring eller tospråkleg fagopplæring. Dette må då kome fram på eit vis, t.d. ved at det er tatt stilling til i enkeltvedtaket, og der skal det også grunngjevast kvifor eller kvifor ikkje slikt tilbod blir gitt. Fylkesmannen erkjenner at det ikkje alltid vil vere mogleg å få tak i, og engasjere eigna undervisningspersonale med nødvendig språkkompetanse, men for elevar som vil ha behov for slike tilbod skal ein så langt råd er prøve å få dette på plass. Vi viser også til opplæringslova § 2-8 fjerde ledd om at ein i tilfelle der ein manglar eigna undervisningspersonale, *skal kommunen så langt mogeleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadane til elevane.*

#### **6.4 Fylkesmannens konklusjon**

Gursken oppvekstsenter vil ved å innarbeide den nye rutinen oppfylle krava om språkkartlegging og vurdere behov for morsmålsopplæring og tospråklegfagopplæring.

### **7. Frist for retting av brot på regelverket**

Fylkesmannen har i kapitla 3 til og med 6 konstatert brot på regelverket. I denne rapporten får Sande kommune frist til å rette brot på regelverket, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 14.10.2016. Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at brotet på regelverket er retta, og ei utgreiing om korleis brotet er retta.

Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

### **Skolens arbeid med opplæring i fag**

1. Sande kommune må syte for at det lokale arbeidet med læreplanar ved Gursken oppvekstsenter oppfyller krava til opplæringslova § 2-3, jf. forskrift til opplæringslova §§ 1-1, 3-1 og 3-2.

Sande kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Rektor sikrar at opplæringa samla dekkjer
  - alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget
  - individuelle opplæringsmål i IOP

2. Sande kommune må syte for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Gursken oppvekstsenter er i samsvar med opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Sande kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skolen har ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa (klassen).

### **Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte**

3. Sande kommune må syte for at den individuelle undervegsvurderinga ved Gursken oppvekstsenter medverkar til at elevane får realisert sine moglegheiter til å nå måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13.

Sande kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Lærarane rettleier elevane om kva dei må gjere for å auke kompetanse sin i det enkelte faget.
- b. Lærarane syter for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

### **8. Kommunen sin frist til å rette**

Som nemnt i kapittel 7 ovanfor, har kommunen fått ein frist til å rett dei brot på regelverket som er konstatert i denne rapporten.

Frist for retting er **14.10.2016.**

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

## Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

### **Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:**

1. Årsplan i kroppsøving 9. klasse.docx
2. Årsplanar 2015-2016matematikk10..xlsx
3. Årsplan i norsk for 8. klasse 15-16.docx
4. Vekeplan for 10.kl V. 11.pdf
5. Vekeplan for 9. kl V. 11.pdf
6. Vekeplan for 8.kl V 11.pdf
7. Den gode start og avslutning på undervisninga.docx
8. Vurderingskriterier. Kroppsøving.docx
9. Vurderingskriterier norsk.docx
10. Vurderingskriterier matematikk.pdf
11. KLASSETEAM.docx
12. Prosedyrer for å ivareta den einskilde elev i Sande.docx
13. Sakunnig vurdering elev 1.pdf
14. Vedtak SU 2015-2016 elev 1.pdf
15. IOP 2015\_2016 elev 1.pdf
16. Årsrapport 2014-2015 elev 1.pdf
17. Sakkunnig vurdering elev 2.pdf
18. Vedtak SU 2015-2015 elev 2.pdf
19. IOP 2015-2016 elev 2.pdf
20. Årsrapport 2014-2015 elev 2.pdf
21. Sakkunnig vurdering elev 3.pdf
22. Vedtak SU 2015-2016 elev 3.pdf
23. IOP - 2015-2016 elev 3.pdf
24. Årsrapport 2014-2015 elev 3.pdf
25. Sakkunnig vurdering elev 4.pdf
26. Vedtak SU 2015-2016 elev 4.pdf
27. IOP 2015-2016 elev4.pdf
28. IOP VEKEPLAN elev 4.pdf
29. Årsrapport 2014-2015 elev 4.pdf
30. Sakkunnig vurdering elev 5.pdf
31. Vedtak SU 2015-2016 elev 5.pdf
32. IOP 2015-2016 elev 5.pdf
33. Årsrapport 2014-2015 elev 5.pdf
34. Mal til utviklingssamtaler.docx
35. Samtalemøte - vurdering - rutine 2016.docx
36. Spørjeskjema elevar.pdf

37. Eigenvurdering 1.pdf
38. Eigenvurdering 2.pdf
39. Målark kap. 4 9. kl.pdf
40. Samtalemøte - vurdering - rutine 2016.docx
41. God sosial dugleik 1utg. mars 2016.docx
42. Skulevegring\_-\_Prosedyre\_og\_rettleiar\_-Sande\_kommune.docx
43. KARTLEGGING MATEMATIKK.docx
44. God leseutvikling, oktober 2015.docx
45. GURSKEN -informasjonshefte til alle skuleåret 2015- 2016.doc
46. ped.rapport\_skule\_revidert\_juni\_2012.doc
47. 2 døme på utfylte pedagogisk rapportar
48. Døme på enkeltvedtak om særskilt språkopplæring

**Det vart gjennomført tilsyn på staden 07.04.2016.**

Det var intervju med:

- Ei gruppe elevar
- Faglærara i norsk, matematikk og kroppsøving
- Lærarar som gjennomfører spesialundervisning
- Rektor og undervisningsinspektør